



**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Klepp sokneråd**

Kleppevarden 2  
Postboks 101  
4358 KLEPPE  
[klepp.sokneraad@klepp-kirken.no](mailto:klepp.sokneraad@klepp-kirken.no)  
[www.kleppkyrkje.no](http://www.kleppkyrkje.no)  
Kontonr. 3290.07.71265  
Org.nr. 976 993 551

## Møtebok.

Frå kl 18:00 til 20.00 Møtedato: 29.10.2014

Frå saksnummer: 80/14 Til saksnummer: 82/14	Møtestad: Menighetssalen, Klepp kyrkje
Av utvalet sine medlemmar/ varamedlemmar møtte:	
Medlemmer:	Maria Friestad Bergseth Sikkeland (leiar) Svein Olav Nesse (nestleiar) Ivar Slettebø Andreas Haarr (sokneprest) Else Fredheim Hodne Arvid Hareland Edel H Østrem Jan Arild Anda
Vara medlemmer:	Pauline Braut (1.vara)
Andre:	Ingunn D Aandal – sekretær  Trusopplæringsutvalet: Leif Inge Norland Brekke Karsten Degnes Andrea Bjørkavoll- Bergseth Laila Helvig Kathrine Johnsen Silje Sotnakk Ruth Miriam Varhaug  Mentor for trusopplæring: Frode Randgaard  Styringsgruppa Klepp stasjon kyrkjelyd: Frode Helvig Sølve Salte
Diverse merknader	Ikkje til stades: Inger Vassel Myrstad

## **Sak 80/14 Godkjenning av sakliste og innkalling**

### **Vedtak:**

*Sakliste og innkalling vert godkjent.*

## **Sak 81/14 Godkjenning av møtebok frå møte den 01.10.2014**

### **Vedtak:**

*Møteboka av 01.10.14 vert godkjent*

## **Sak 82/14 Trusopplæring**

Soknerådsmøtet er eit felles møte for soknerådet, styringsgruppa Klepp stasjon kyrkjelyd og trusopplæringsutvalet. Mentor for trusopplæring var også til stades. Barne- og familieprest Leif Inge Norland Brekke leia denne saka.

For at arbeidet med trusopplæringsplanen skal lukkast så må den eigast av stab, trusopplæringsutval, sokneråd og kyrkjelyd.

Desse punkta vart presentert:

**Punkttiltak** er tiltak for alle døypte i eit årskull. Eit viktig mål på desse er å føre born og unge vidare inn i de kontinuerlige tiltaka

**Kontinuerlige tiltak** går frå veke til veke. Til dømes familiekor og kreftgjengen/søndagsskolen.

**Skule/kyrkje samarbeidet** er i skulenes regi, og er en del av skulenes undervisningsplaner.

### **Stein på stein -eit namn for trusopplæringa**

Med Stein på stein vil me at trusopplæringa skal bygga ei levande Kristustru i barn og unge på Klepp.

Me ønskjer at alle døypte mellom 0 og 18 skal oppleva at dei blir sett, høyrt og bevart gjennom trusopplæringa.

Ved å leggja stein på stein, vil me gje næring til ei tru som kan vara livet ut.

### **Stein på stein – Sett**

- alle skal bli involvert slik at dei er deltakarar og ikkje tilskodarar
- ungane skal oppleva at dei høyrer til i fellesskapet.
- kvar enkelt deltakar skal bli møtt og sett idet dei kjem, og undervegs

### **Stein på stein - høyrt**

- gje rom for undring og samtale slik at deltakarane får lov til å uttrykke tru, tvil og undring
- tilrettelegga trusopplæringa slik at me møter kvar enkelt sine behov, trusopplæringa er for alle.

### **Stein på stein – bevart**

- ønsker eit trusopplæringsarbeid som gjer barn og unge til ein del av kyrkjelydsfellesskapet.
- ønsker å formidla ei tru som gjer at barna og ungdommane blir bevart i trua dei blei døypt til.
- gje barna Jesus som ein grunnvoll i livet.

## Framdrift

### 15. Januar – levering av årsrapport

*Det er ein kjensgjerning at vi kom seint i gang. Trosopplæringsleiar var ikkje i gang før etter påske.*

*Derfor vil vi me søkja utsetjing til tidlig haust 2015. Me ser for oss at planen er klar til godkjenning på soknerådet i haust kor gammalt SR går av og nytt SR starter opp.*

Planen skal så reviderast i kvar soknerådsperiode.

**To problemstillingar** vart drøfta i mindre grupper og delt i plenum:

1.

Det er eit stort behov for leiarar og andre frivillige etterkvart som trusopplæringa kjem i gang med alle tiltaka.

Korleis kan me sikra at me får rekruttert leiarar breitt, og gjerne andre enn dei som allereie gjer mykje i kyrkjelydane?

- Få oppgåver som er tilpassa
- Foreldre
- Frivillig-samtale
- Ta var på dei frivillige ein har
- Tydelig på bestilling – kva oppgåver ein forventar at dei frivillige skal ha
- Utfordre besteforeldre / fadrar
- Prosjekt-team på tiltak
- «Frivillighetsbank»
- smitteeffekt

2.

Skal me lukkast med trusopplæringa så må heile kyrkjelyden vere med og dra lasset. Viss ikkje blir ho fort ein stat i staten, kor den kan opplevas krevjande og nærmast som ein ekstrasbelastning meir enn ei velsigning.

Kva grep kan me ta for å forankra trusopplæringa, og sikra at det er noko som styrkar kyrkjelydane og det arbeidet me driv?

- Informera i gudstenestesamanhang om det me har av trusopplæringstiltak og det nye som skjer
- Forkynna – tenestedimensjon
- Framsnakking – vitnesbyrd
- Bevisstgjerjing
- Brennande hjarte
- Ved dåp – informera om det neste som skjer for dei små
- Ha nokre tiltak som er lite ressurskrevjande

Ref. Ingunn D Aandal  
Sekretær